



DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Protokoll frå møte i Ulstein sokneråd

Tid: 29.04.2026 kl. 19:00

Stad: Kyrkjekontoret

Desse møtte:

Odd Arne Vikebakk	Leiar
Linda Hasund	Medlem
Cecilie Frantsen Skeide	Medlem
Gunn Marthe Veddegjerde Pieroth	Medlem
Berge Myrene	Medlem
Mirjam Håland Igland	Geistleg representant
Stian Skorgen Scheide	Kommunal representant
Beate Hopland Langnes	1. vara
Monica Leine Tokheim	2. vara
Janne Fylsvik Rønningen	3. vara
Marianne Follesøy Kaldhol	4. vara
Mali Aam	2. vara
Ingrid Madli Sæter	Sekretær
Bjørn Losvik	Sekretær

Forfall:

Silje Kiperberg Aksnes	Medlem
Øyvind Grimstad Hagen	Medlem
Ingrid Redse Mjaaseth	Medlem

Sakliste:

Saksnr	§	Sakstittel	
F-2026/12		Disponering av mindreforbuk 2025	
S-2026/13		Uttale om tilsetting av prost i Søre Sunnmøre prosti	
F-2026/14		Innkjøp av robotgressklippar til Ulstein kyrkjegard.	

Godkjenningar:

Godkjenning protokoll siste møte:	Godkjent
Godkjenning av innkallinga:	Godkjent
Godkjenning av sakliste:	Godkjent

Meldingar:

F-021 Revisjonsmelding Ulstein sokn 2025

Vedlegg: *Revisjonsmelding 2025*

Årsrekneskap for Ulstein sokn 2025 er godkjend av revisor.

F-022 Protokoll frå Ulstein sokn sitt årsmøte 24.03.2026.

Vedlegg: *Protokoll frå årsmøtet.*

Protokoll frå årsmøtet er ferdig signert og vert lagd fram for soknerådet.

F-023 2. gongs offentleg ettersyn/høyring – Områdeplan for Ulsteinvik sentrum.

Vedlegg: *2. gongs offentleg ettersyn/høyring – Områdeplan for Ulsteinvik sentrum.*

Innspel til høyring områdeplan Ulsteinvik sentrum (frå mai 2025)

Merknader med kommentar – offentleg ettersyn (side 21-22)

I første høyringsrunde gav Ulstein sokneråd (US) innspel til ny områdeplan for Ulsteinvik sentrum. I høyringsinnspellet, datert 21.05.2025, bad US om at ein tok vekk den ekstra etasjen som var planlagt på rådhuset. No er det lyst ut 2. gongs offentleg ettersyn/høyring – Områdeplan for Ulsteinvik sentrum. I papira kjem det fram at Ulstein sokneråd sin merknad frå mai 2025 ikkje er hensyntatt (sjå vedlegg).

Handsaming: Høyringsinnspela er enno ikkje handsama politisk, det skjer når kommunestyret skal handsame saka. Om innspellet frå Ulstein sokn skal bli hensyntatt må ein truleg kome med nye aspekt og argument, og ikkje berre gjenta den tidlegare høyringsuttalen.

Vi ser at planlagt nytt kyrkjebygg ikkje er lagt inn i planane som er sendt ut på høyring, og at innsyn til nytt kyrkjebygg dermed ikkje er ivaretatt. Soknerådsleiar Odd Arne Vikebakk og sekretær for soknerådet Bjørn Losvik får i oppdrag å skrive ei ny høyringsuttale på vegne av Ulstein sokn innan høyringsfrist 01. mai, der ein viser til den ekstra etasje som er regulert inn på rådhuset, og ber om at innsyn til innregulert nytt kyrkjebygg frå sjøsida blir ivaretatt.

F-024 Framgang i arbeidet med namna minnelund.

Vedlegg: *Bilde kjem på skjerm under møtet.*

Arbeidet er godt undervegs, og ser ut til å kunne bli ferdigstilt i august. Jostein Kiperberg følger opp entrepenør Aurvoll & Furesund på vegne av Ulstein sokn. Det har allereie kome førespurnad om bruk av namna minnelund, og vi håper mange vil nytte seg av moglegheita.

F-025 Framgang i arbeidet med nye lys i kyrkja

Vedlegg: *Bilde kjem på skjerm under møtet.*

Nye lys i kyrkja er på plass, og vart montert utan nemneverdig hindring for andre arrangement i Ulstein kyrkje. Arbeid med å programmere ulike lys-scener til ulike

arrangement er i gang. Opplæring i bruk av lyssystemet må fortløpande giast til frivillige medarbeidarar.

F-026 Informasjon om og oppsummering frå besøk ELCJHL

Ulike representantar for Ulstein sokn fekk ei god innføring i utfordringane Evangelical Lutheran Church in Jordan and the Holy Land (ELCJHL) lever under. Vi føler at det vart lagt opp eit godt program for besøket, i samarbeid med representantar frå SUFH, som viste breidda av arbeidet vårt. Også ungdommane i soknet, representert mellom anna ved KRIK og Ulstein Tensing, hadde positive møte med Sally og Rodny, representantane frå ELCJHL.

Vi har forstått at ELCJHL har mange samarbeids/venskapsavtaler allereie. Arbeidsgruppa som er oppnemnt må vurdere korleis dei ynskjer å ta dette vidare, så blir det til slutt soknerådet som må ta stilling til prosjektet, seie kva det skal innehalde og kva forpliktingar Ulstein sokn eventuelt skal gå inn på. Utveksling og besøk kan vere aktuelt, utan at det ligg økonomiske forpliktingar i ein eventuell avtale. Det er også verdt å ta omsyn til misjonsavtalen Ulstein sokn allereie har med NMS, der vi støttar ulike prosjekt i Midt-Østen.

Ulsteinvik, den 30.04.2026

Odd Arne Vikebakk	Bjørn Losvik
Leiar	Sekretær

F-SAK 2026/12 Disponering av mindreforbuk 2025

UTGREIING

Vedlegg:

Viser til F-sak 2026/07 i fellesrådsmøte som fann stad 11.03.2026. Fellesrådet gjorde følgande vedtak:

«Ulstein kyrkjelege fellesråd disponerer kr. 29.443 frå frie investeringsmidlar til å dekke udekka eigenkapitalinnskot i investeringsrekneskapen.

*Ulstein kyrkjelege fellesråd disponerer mindreforbruket på kr. 290.581 slik:
kr. 104.339 til å betale lånemidlane tilbake på memoriakonto*

*(med forbehold at det er soknet sine eigne investeringsprosjekt)
kr. 102.699 til ubunden Ulstein nye kyrkje
kr. 83.543 til ubunden disposisjonsfond*

Ulstein SR undersøker muligheten til å forbetre avkasting for innsamla midlar til nye kyrkje»

Kyrkjeverje Christfried Kaul sendte vedtaket til økonomikontoret i Ulstein kommune, men fekk tilbakemelding om at mindreforbruket ikkje kunne brukast til å betale ned lånemidlar.

Ulstein sokn har fått avklart frå økonomikontoret i Ulstein kommune at desse midlane heller kan settast i ubunden disposisjonsfond, for å kunne bruke til andre innkjøp over 100.000,-, men under 104.000,-, forutsatt at soknerådet gjer eit vedtak på at lånemidlane skal finansiere kjøpet. Dette er særleg aktuelt med tanke på innkjøp av ny traktorklippar til kyrkjegarden, muligens i kombinasjon med robotgressklippar til gravplassen rundt Ulstein kyrkje.

VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd disponerer kr. 29.443 frå frie investeringsmidlar til å dekke udekka eigenkapitalinnskot i investeringsrekneskapen.

Ulstein kyrkjelege fellesråd disponerer mindreforbruket på kr. 290.581 slik:

kr. 102.699 til ubunden fond Ulstein nye kyrkje.

kr. 187.882 til ubunden disposisjonsfond.

S-SAK 2026/13 Uttale om tilsetting av prost i Søre Sunnmøre prosti

UTGREIING

Vedlegg: *Utvida søkjarliste med søknad blir delt ut i møtet og samla inn igjen.*

Ulstein sokneråd fekk i møte 11.02.2026 informasjon om tilsettingsprosessen for stillinga som prost i søre Sunnmøre prosti. Det har kome inn 3 søknader på stillinga. I etterkant har ein søkjar trekt seg. Biskopen har bestemt at begge kandidatane skal kallast inn til intervju.

I følgje personalreglementet for Den norske kyrkja §14 har sokneråda høve til å gi sin uttale:

Ved tilsetting av prost har menighetsrådene i prostiet anledning til å gi uttalelse om hvilke tre personer blant søkerne disse ønsker tilsatt.

I uttalelsen skal de ønskede søkere nevnes i prioritert rekkefølge. Rådets uttalelse føres inn i møteboken med opplysning om stemmetall for de søkerne rådet har foreslått. Vedtar rådet ikke å gi noen uttalelse, skal også dette føres inn i møteboken. Rådet sender utskrift av møteboken til innstillende myndighet. Avgitt uttalelse følger saken til eventuell tilsetting har funnet sted.

Intervjudag vert 27.4. i Volda. Utvida søkjarliste med søknad er grunnlagsdokumenta sokneråda får til å gje sin uttale, og blir av GDPR-omsyn delt ut i møtet og samla inn igjen. Frist for å sende uttale er 18. mai. Soknerådet sin uttale skal sendast Møre bispedøme v/ avdelingsleiar HR og organisasjonsutvikling Anne Marit Hagelund, og setteprost Sindre Kulø.

HANDSAMING

Etter at sakspapira vart sendt ut har Ulstein sokn fått beskjed frå HR-ansvarleg i møre bispedøme om at den eine søkeren har trekt seg. Arne Moltubak, sokneprest i Ørsta, står dermed att som einaste søkar på stillinga. Ulstein sokn må dermed ta stilling til om dei ynskjer at Arne Moltubak blir innstilt til stillinga som prost eller ikkje.

VEDTAK

Ulstein sokneråd går einstemmig inn for at Arne Moltubak vert innstilt til stillinga som prost i Søre Sunnmøre prosti.

F-SAK 2026/14 Innkjøp av robotgressklippar til Ulstein kyrkjegard

UTGREIING

Vedlegg: *Tilbod frå Eiksenteret, Ørsta.*
 Tilbod frå Felleskjøpet, Ørsta.
 Bilde kjem på skjerm under møtet.

I samband med innkjøp av ny traktorgressklippar har tanken om robotgressklippar rundt kyrkja kommet opp. Ulstein sokn har brukt Eiksenteret i Ørsta til innkjøp og service av traktorgressklipparar. Vi har difor bedt Eiksenteret om pristilbod på innkjøp og montering av robotgressklippar. Tilbodet låg såpass høgt i pris at soknerådsleiar og fungerande kyrkjeverje vart einige om å hente inn pris frå fleire tilbydarar. I skrivande stund er det, i tillegg til Eiksenteret, komen inn tilbod frå Felleskjøpet i Ørsta. Vi ventar på tilbod frå Caro AS i Ålesund. Av dei to innkomne tilboda er Felleskjøpet klart billigast. Det framstår likevel som eit tilbod som er vanskeleg å samanlikne med tilbodet frå Eiksenteret, som er eit meir presisert tilbod utført etter synfaring rundt kyrkja. Caro AS er ein aktør som er meir samanliknbar med Eiksenteret. Det er difor ynskjeleg å kunne sjå tilbod også frå dei før ei avgjerdsle blir tatt.

Denne prosessen må også sjåast i samanheng med innkjøp av ny traktorklippar til Osneset gravplass.

Med tanke på at vekstsesongen allereie er i gang hastar det med å få løyst spørsmålet om grasklipping rundt kyrkja. Dette bør difor avgjerast så snart som råd, og ikkje vente til sokneråd/fellesrådsmøtet 04. juni. Fellesrådet kan fatte vedtak om innkjøp av robotgressklippar på møtet 29. april. Ei anna mogleg løysing er at fellesrådet gjev arbeidsutvalet fullmakt til å vurdere kva som er den beste løysinga, og sette det i bestilling.

HANDSAMING

Tilbod frå Caro AS i Ålesund vart lagt fram i møtet. Det er dermed komen inn tre ulike tilbod på robotgressklippar til bruk rundt Ulstein kyrkje. Det kom fram ynskje om å undersøke moglegheita for å kjøpe inn robotgressklippar med firehjulsdrift, mtp. at klipparen ikkje skal køyre seg fast i hellinga på kyrkjegarden, særleg sett i kombinasjon med vått gress. Presisjon i klippinga vart vektlagt, med tanke på å ikkje skade gravstøttene på kyrkjegarden samtidig som det blir klipt så nært inntil gravstøttene som mogleg. Fellesrådet vart også informert om den referansestasjon/antenne som bør monterast på kyrkjeveggen mot aust, og gav klarsignal til at det kan bli montert.

VEDTAK

Fellesrådet ber Arbeidsutvalet fullføre prosessen med å vurdere innkomne tilbod på robotgressklippar rundt Ulstein kyrkje, og å gjennomføre kjøpet med ei ramme på inntil 99.000,- kroner.

Ulstein kyrkjelege fellesråd bruker inntil 99.000,- kr frå ubunden disposisjonsfond til innkjøp av robotgressklippar til arealet rundt Ulstein kyrkje.